



---

## Notat

---

**Frå:**

Jan Erik Boge

**Uttale frå ungdomsrådet til framlegg til handlingsplan for førebygging av sjølvskading og sjølv mord**

**Saknr/Journalnr**

20/810/22/6905//JEB

**Arkivkode**

FE-113

**Dato:**

08.09.2022

---

Ungdomsrådet handsama 18.08.2022 sak om handlingsplan for førebygging og sjølvskading og sjølv mord. Framlegg til handlingsplan er utarbeidd av rådmannen, og ungdomsrådet har høve til å uttala seg om framlegget før det vert lagt fram for kommunestyret for handsaming/endeleg vedtak 15.09.2022.

Nedanfor følgjer utdrag frå møteprotokollen for ungdomsrådet 18.08.2022, med uttale til framlegget til handlingsplan.

**SAKNR. 011/2022: Handlingsplan for førebygging av sjølvskading og sjølv mord**

**18.08.2022 Ungdomsrådet:**

Handsaming i møtet:

Handlingsplanen for førebygging av sjølvskading og sjølv mord blei lagt frem for ungdomsrådet av Venla Arponen Snilstveit.

Ungdomsrådet syntest det er fint at førebygging av sjølv mord og sjølvskading blir sett fokus på og at innhaldet i planen er bra. Dei tar spesielt fram at det er kjempe viktig med tiltaket som omhandlar gutar og unge menn.

Ungdomsrådet meiner at det må jobbast med å nå ut med informasjon til ungdom. Slik som det er no er det vanskeleg å vita kva tilbod dei har på skulen med til dømes helsesøter og psykolog. Forslag kan vera at lærarar pratar om det i klassen eller plakatar på skulen.